

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 16/2483-2

Søknad om ruteløyve Flåm - Gudvangen, Lustrabaatane

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Lustrabaatane får tildelt ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen på følgjande vilkår:

- a) Ruteløyvet gjeld i 10 år frå 01.05.16 til 30.09.25.
- b) Ruta skal gå i perioden 01.05 – 30.09.
- c) Krav til god vandel og tilfredsstillande økonomisk evne skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- d) Rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i fartøyet og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- e) Fartøyet som vert nytta i rutedrifta skal til ei kvar tid fylle gjedande vilkår stilt av sjøfartsstyresmaktene.
- f) Endring i rutetidene skal godkjennast av samferdsleavdelinga.
- g) Det må ligge føre skriftleg avtale mellom Lustrabaatane og eigar av dei ulike kaiane på dei klokkesletta det vert søkt om ruteløyve.

Vedlegg: Søknad frå Lustrabaatane

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Lustrabaatane søker om ruteløyve for perioden 01.05 til 30.09.

Det er ikkje nødvendig med ruteløyve dersom fartøyet kun skal gå med chartergruppe / lukka gruppe, men då må billetten på denne turen vere ein del av ein større pakke. Lustrabaatane går hovudsakleg med «lukka dører», men for å kunne ta med tilfeldige reisande søker selskapet om ruteløyve.

2. Vurderingar og konsekvensar

I yrkestransportlova § 7 punkt1, står det at den som mot vederlag vil drive persontransport i rute med luftputefartøy, eller anna fartøy over 8 m lengde tilsvarande 4 bruttotonn må ha ruteløyve.

I § 4 i yrkestransportforskrifta, punkt 2 står det at løyve kan tildelast den som har

- a) god vandel
- b) tilfredsstillande økonomisk evne og
- c) tilstrekkeleg fagleg kompetanse

Ved søknad om ruteløyve på fartøy gjeld ikkje punkt c, jf. § 8 tredje punkt i yrkestransportforskrifta.

Eit løyve gjeld i 10 år, jf. yrkestransportlova § 27 punkt 2.

Andre opplysningar

I dag har følgjande operatørar ruteløyve på strekninga Flåm – Gudvangen:

The Fjords, gyldig til 31.12.18

Norwegian Fjord Voyage, gyldig til 30.10.25

3. Søknaden

Lustrabaatane søkjer om ruteløyve for å kunne ta med enkeltpersonar mellom Flåm og Gudvangen på desse avgangstidene:

Frå Flåm kl. 11.45 og 16.15 (Liggetid 11.15-11.45 og 15.45-16.15)

Frå Gudvangen kl. 09.30, 14.00 og 18.30 (Liggetid 09.00-09.30, 13.30-14.00 og 18.00-18.30)

Selskapet skal nytte MF Lustrafjord LADZ som er ei bilferje med passasjerkapasitet på 244.

Andre opplysningar

Lustrabaatane har fått reservert kaiplass til båten både i Flåm og Gudvangen av Hamnevesenet. MF Lustrafjord må nytte den kommunale ferjekaia.

Aurland Hamnevesen skriv dette i e-post til Lustrabaatane 17.12.15:

Då har eg lagt inn Lustrafjord på følgjande tider:

Gudvangen:

09.00 – 09.30

13.30 – 14.00

18.00 – 18.30

Flåm:

11.15 – 11.45

15.45 – 16.15

Det er viktig for Aurland Hamnevesen KF at det er god dialog mellom aktørane som skal bruka fjorden, og god dialog mellom aktørane og hamnevesenet. Dette grunna sikkerheit og til det beste for gjestene som skal nytta tilbodet me har på fjordane.

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren meiner det er positivt at Lustrabaatane søkjer om ruteløyve når dei likevel opererer på denne strekninga. På denne måten vil fleire turistar ha høve til å reise denne strekninga når dei ønskjer, sjølv om dei ikkje er del av ei lukka gruppe.

Operatør har inngått avtale med Aurland Hamnevesen om bruk av kaiane.

Hovudutval for samferdsle har ikkje sett eit øvre tak for kor mange ruteløyve som kan delast ut når det gjeld kommersielle ruter på strekninga Flåm – Gudvangen. Difor må alle som tilfredsstiller krava i yrkestransportlova få tildelt ruteløyve.